



KONTROLLUTVALET MØTEBOK - PROTOKOLL

Utval/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtestad:
Kontrollutvalet	19. juni 2019	7. juni 2019	Sel rådhus

Til stede på møtet:

Av i alt 5 medlemmer var 5 faste medlemmer til stades.

Administrasjonen:
Elin Fjeldberg
Per Ivar Dahlum

Sekretær i SKNG førte møteboka.


Møtet varte frå kl. 1000 til 1300.


Underskrifter:


Vi stadfestar at det som er ført på sak 19/19 - 21/19 er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.


Maj-Britt Svastuen


Arne Jørgen Rønningen


Kari Skjåk


Ola Stormyren


Bjørn Vadet

Utskrifter:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til:

- Medlemmene av kontrollutvalet og varamedlemmer.
- Sel kommune – administrasjonssjef og ordfører
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

Innkalling og sakliste:

Møtet var beramma 17. juni, men måtte flyttast til den 19. juni 2019.
Kontrollutvalet hadde ingen merknad til sakslista og protokoll.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Sel kommune	Møtedato: 19. juni 2019	Saksnr: 19/2019
	Saksbehandler:	

Vedlegg:

Utviklingstrekk psykisk utviklingshemma
Statusrapport – oppfølging tilsyn 1.5.19

ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

I sak 18/19 open post protokollførte kontrollutvalet desse ynskja om orienteringar:

- Prosjektregneskap Otta Brygge
- Opplysningar om vergemålsordningar
- Avvik vaksenopplæring
- Regneskap 1. tertial 2019

Utover dette har utvalsleiar bede om oversikt over tilsyn i Sel kommune.

Sekretær oversende førespurnader til rådmannen i mail av 6. mai 2019 og har i ettertid hatt ein munnleg gjennomgang av førespurnadene.

Når det gjeld Otta Brygge, er ikkje prosjektregneskap ferdigstilt.

Oversikt/status tilsyn syner saksområda er vedlagt. Dette syner at Sel kommune har frist til 28. juni med lukking av avvik ved Otta læringscenter (vaksenopplæringa)

Oversikt over utvikling psykisk utviklingshemma er vedlagt.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Økonomisjefen orienterte om rapport 1. tertial 2019 med dei einskilde rammeområde. Sel kommune har ein utfordrande økonomisk situasjon med fleire usikkerhetsmoment og krav til omstilling.

Prosjektleder orienterte om arbeidet med sluttrapport Otta Brygge. Kontrollutvalet ber sekretær hente inn prosjektreglement og ferdig rapport når det ligg føre.

Kontrollutvalet hadde ein gjennomgang av tilsynsoversikt og tablå med utvikling av psykisk utviklingshemma. Det var ingen kommentar til opplysningane.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 19. juni 2019	Saksnr: 20/2019
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

Tertialrapport 1/2019

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 1. TERTIAL 2019

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser oppdragsavtalen og ressursbruken pr. 30/4 – 19, samt prognose for året 2019.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2019 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til rapporten.

til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2019 til orientering.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 19. juni 2019	Saksnr: 21/2019
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

Oppfølging av KU-saker
Årsplan 2019

ARBEIDSMØTE

Kontrollutvalet går gjennom materialet og vurderer nærare utgreiing av saker eller nye saker som skal vurderast for handsaming eller orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom oversikt over kontrollutvalsaker 2019 mot årsplanen.

Sekretær gjekk gjennom materiale frå konferanse i NKRF

Utvalsleiar gjekk gjennom materiale frå konferanse i FKT.